



# Saman

- ei kyrkje nær folket

**STIFTSDAGAR  
FOR ALLE  
KYRKJELEG TILSETTE  
I BJØRGVIN BISPEDØME**

**6.-7. juni 2017**

*Quality Hotel Edvard Grieg  
Sandsli, Bergen*



Foto: Lasse Trones





# Velkommen!

Bjørgvin bispedømeråd og Bjørgvin biskop ønsker velkommen til stiftsdagar 2017 i Bergen. Saman med kyrkjevevjerlaget inviterer vi alle kyrkjeleg tilsette til eit godt og inspirerande program.

Med stiftsdagane 2017 ønskjer vi å legge til rette for at heile staben kan få ei god og oppløftande oppleving saman. Dersom fleire dreg saman, trur vi ein kan dra større nytte av utbyttet heime også. Programmet vil vere variert og med god tid til samtalar og pausar. Ikkje alle bitar er på plass enno, så fleire detaljar om programmet kjem etter kvart.

**Saman, vi** og **nær** har vore viktige ord for programkomitéen. Vi har bak oss skilje stat - kyrkje, men vi vil framleis vere ei kyrkje nær folk. «Forblir Norges folkekirke» seier grunnlova. Temaet er difor:

***Saman - ei kyrkje nær folket***

*For påmelding og pris; sjå baksida av brosjyra.*



*Eg ser fram til å sjå dykk på desse stiftsdagane. Det blir dagar for alle kyrkjeleg tilsette i Bjørgvin bispedøme.*

*Saman vil vi markere at vi fortsatt vil vere ei kyrkje som er nær Gud og nær folket.  
Biskop Halvor Nordhaug*

***I tillegg til gode foredrags-  
haldarar, blir det god mat,  
morgonsong, ein god drøs,  
gudsteneste, møte  
med gode kollegaer  
og meir.***



# Foredragshaldarar



**Paul Otto Brunstad**

«*Motivasjon*»

Han er professor ved pedagogikkseksjonen ved NLA Høgskolen, Bergen.

Han har dei siste åra

skrive bøker og artiklar om pedagogikk, etikk og leiing. Hans siste bok «*Beslutningsvegring-et ledelsesproblem*» kjem i løpet av våren 2017.



**Ingvild Moen**

«*Nær på sosiale medier*»

Ho driv Resonate og har arbeid med operativ og strategisk merkevare-

bygging i sosiale medier

sidan 2009. Ingvild blei i 2014 kåra til «Årets Sosiale Medier Personlighet» på Social Media Days. Ho er lærer av bakgrunn og gjev gode eksempel på kyrkjeleg kommunikasjon til både inspirasjon og læring.



**Kåre Geir Lio**

«*Mot og sjølvkjensle*»

Han er direktør for Nordnorsk leiarutvikling. Det er sagt om Kåre Geir:

«Kåre Geir ønsker å

utvikle selvtillit, mot og selvfølelse hos sine programdeltakere.» Han er lærar, trenar og leiar på elitenivå i handball,

utdanna adjunkt med tilleggs-utdanning innan gestalt-psykologi.



**Terje Stig Knudsen**

«*Medarbeidarskap*»

Han er diakon på Askøy og har tidlegare vore seniorrådgjevar/partnar og dagleg leiar i Aspire

Utvikling AS. Han har stort pågangsmot og smittsam energi. Han har dei seinaste åra arbeidd med leiing og leiarutvikling i offentleg og privat sektor med særleg vekt på relasjonsleiing.



**Jens Petter Johnsen**

Kyrkerådet sin direktør kjem for å informere og inspirere rundt kyrkja i ny tid, og vil reflektera over: Kor er vi no?



**Ingeborg Dybvik**

Kommunikasjonsdirektøren i Kyrkerådet vil vise moglege måtar vi saman kan bli gode på å kommunisera alt vi som

kyrkje gjer, bl.a. med dei nye verktøya rundt nettsidene og kyrkjebakken.



## PROGRAM

Start: tysdag 6. juni kl. 13.00.  
Programslutt tysdag: kl. 21.00.

Start onsdag 7. juni: kl. 09.00.  
Programslutt onsdag: kl. 15.00.

For nærare informasjon om dagane, sjå: [www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin)

## PÅMELDING

Det er påmelding samla frå prost for prestane. Og samla frå kyrkjeverje/ adm.leiar for fellesråda. Den som melder på, er den som skal fakturerast.

Sjå detaljar om påmelding på [www.kyrkja.no/bjorgvin](http://www.kyrkja.no/bjorgvin). Søkeord: «*Stiftsdagar*». Påmeldinga opnar 10. februar. Programmet er lagt opp med tverrfagleg fokus. Vi håper at flest mogleg frå staben skal kunne delta.

Frist for påmelding er **25.mars 2017**. Etter dette er vi ikkje garanterte å kunne tilby overnatting. Prisen blir justert opp med kroner 200,- frå 1.mai. Det er bindande påmelding.\*

Det er lagt opp til at alle med kortare reise enn ein time, bur heime. Det einskilde fellesråd avgjer om deira

tilsette bur heime eller kan overnatte. Prestane får dekt overnatting om fellesrådet vel overnatting. Deltakaravgifta har ein utjamningsprofil, der deltakarar med lang reise vert prioriterte for overnatting.

Reise vert dekt etter den avtale den einskilde arbeidsgjevar vel. Normalt billigaste reise, og med oppmoding om samkøyring.

## PRIS

**Konferanse inkludert to dagpakkar: 1650,- \*\***

**Konferanse to dagar med ei overnatting: 2350,-**

*\* Prisen er noko subsidiert for å støtta dei med reisetid på over 1 time. Pris for dei med kortare reise enn dette vil vere 2550,- inkludert overnatting.*

*\*\* Det er same pris sjølv om ein vel å delta berre ein dag. Ved avbod på kort varsel vil deltakar bli fakturert full pris. Frist for avbod vil følge hotellet sine prisar og reglar.*

## **Kontaktperson:**

*Eli Beate Presthus Nilsen  
Bjergvin bispedømekontor  
Tlf. 55 30 64 77*

